

Møteprotokoll

Utval	Ålesund kontrollutval
Møtestad	Lerstadvegen 545, 3. etasje kantina
Dato	06.09.2023
Tidspunkt	kl 16:00 - 19:30

Følgjande medlemmer møtte

Bente Bruun
Jannicke Strømmen
Kåre Alfred Hanken
Terri-Ann Senior

Forfall

Knut Helge Vestre

Møtande varamedlem

Terje Devold

Møtenotat

Frå kommuneadministrasjonen møtte kommunedirektør Jon Steven Hasseldal.
Seksjonssjef barn, familie og førebygging Vivian Dyb møtte på sak 28/23
Frå Møre og Romsdal revisjon SA var oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor Linn Pettersen og oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Kurt Løvoll tilstades.
Frå kontrollutvalsekretariatet deltok rådgivar Solveig Kvamme.

Dette var siste planlagde møte i denne perioden og leiar Bente Bruun takka alle for godt arbeid i kontrollutvalet denne perioden. Ho takka og for eit ope og godt samarbeid med administrasjonen v/kommunedirektøren, revisjonen og sekretariatet.

Bente Bruun
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Sakliste

- PS 26/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 27/23 Orienteringar
- OS 04/23 Orientering om oppfølging etter mislege handlingar, til læring og forbetring
- PS 28/23 Rapport frå forvaltningsrevisjon 2023 innan psykisk helsearbeid for barn og unge i Ålesund kommune
- PS 29/23 Revisjons- og kommunikasjonsplan 2023 - Ålesund kommune
- PS 30/23 Tilråding budsjetttramme for kontrollarbeidet 2024 - nye Ålesund kommune
- PS 31/23 Tilråding budsjetttramme for kontrollarbeidet 2024 - nye Haram kommune
- PS 32/23 Oppfølging av kontrollutvalet sine saker - oversikt per 01.09.2023.
- PS 33/23 Erfaringsoverføring og evaluering av utvalsperioden Ålesund kontrollutval
- PS 34/23 Meldingar
- MS 18/23 Innkalling generalforsamling 01.09.2023 - Bingsa Gjenvinning AS
- MS 19/23 Møre og Romsdal Revisjon SA - Protokoll årsmøte 2023
- MS 20/23 Erklæring om oppdragsansvarleg revisor sitt sjølvstende - Ålesund kommune 2023

PS 26/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Ålesund kontrollutval 06.09.2023

Behandling

Votering: Samrøystes vedtatt

ÅKU - 26/23 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 27/23 Orienteringar

OS 04/23 Orientering om oppfølging etter mislege handlingar, til læring og forbetring

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek informasjonen som er kome fram til vitande.

Ålesund kontrollutval 06.09.2023

Behandling

Kommunedirektøren gav kontrollutvalet ei orientering om dei tiltak som er sett i verk for om mogeleg hindre at slikt skjer igjen. Det vil bli gjort forbetring i samband med årleg revisjon av rutinene i oktober.

Votering: Samrøystes vedtatt

ÅKU - 04/23 vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen som er kome fram til vitande.

PS 28/23 Rapport frå forvaltningsrevisjon 2023 innan psykisk helsearbeid for barn og unge i Ålesund kommune

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet ber om at rapporten frå forvaltningsrevisjon psykisk helsearbeid barn og unge Ålesund kommune vert handsama som eiga sak i kommunestyret, utan ugrunna opphald.

Kontrollutvalet rår kommunestyret å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til dei tilrådingar som revisor gjev, i rapport frå forvaltningsrevisjon innan psykisk helsearbeid for barn og unge.
2. Kommunestyret bed kommunedirektøren merke seg konklusjonane og tilrådingane i rapporten, og sette i verk dei tiltak som er mogeleg innan den budsjetttramma som kommunestyret gjev.
3. Kommunestyret bed kommunedirektøren om å rapportere skrifteleg til kontrollutvalet på oppfølging av rapporten innan utgangen av februar 2024.

Ålesund kontrollutval 06.09.2023

Behandling

Endringsforslag punkt 2 og 3, foreslått av Bente Bruun,

1. Kommunestyret sluttar seg til dei tilrådingar som revisor gjev, i rapport frå forvaltningsrevisjon innan psykisk helsearbeid for barn og unge.
2. Kommunestyret bed kommunedirektøren merke seg konklusjonane og tilrådingane i rapporten, og sette i verk tiltak som kan bidra til å løyse dei utfordringar rapporten peikar på.
3. Kommunestyret bed kommunedirektøren om å rapportere skrifteleg til kontrollutvalet på oppfølging av rapporten innan utgangen av april 2024.

Oppdragsansvarleg revisor Kurt Løvoll presenterte revisjonsrapporten. Seksjonssjef Vivian Dyb frå Ålesund kommune gav utvalet nyttig informasjon knytt til tematikken og svarte på spørsmål.

Leiar på vegne av utvalet, foreslo endring i tilrådinga på siste del av punkt 2 og ville setje april i staden for februar i punkt 3.

Votering: Endringsforslaget vart samrøystes vedtatt

ÅKU - 28/23 vedtak

1. Kommunestyret sluttar seg til dei tilrådingar som revisor gjev, i rapport frå forvaltningsrevisjon innan psykisk helsearbeid for barn og unge.
2. Kommunestyret bed kommunedirektøren merke seg konklusjonane og tilrådingane i rapporten, og sette i verk tiltak som kan bidra til å løyse dei utfordringar rapporten peikar på.
3. Kommunestyret bed kommunedirektøren om å rapportere skrifteleg til kontrollutvalet på oppfølging av rapporten innan utgangen av april 2024.

PS 29/23 Revisjons- og kommunikasjonsplan 2023 - Ålesund kommune

Sekretariatet si tilråding:

Ålesund kontrollutval tek framlagte revisjons- og kommunikasjonsplan 2023 til vitande.

Ålesund kontrollutval 06.09.2023

Behandling

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor presenterte planen for kontrollutvalet. Revisjons- og kommunikasjonsplanen er naturleg å informere det nye utvalet om, slik at dei er kjent med innhaldet når dei skal utøve si påsjå-rolle.

Votering: Samrøystes vedtatt

ÅKU - 29/23 vedtak

Ålesund kontrollutval tek framlagte revisjons- og kommunikasjonsplan 2023, til vitande.

PS 30/23 Tilråding budsjettramme for kontrollarbeidet 2024 - nye Ålesund kommune

Sekretariatet si tilråding:

Ålesund kontrollutval tilrår ei samla budsjettramme 2024 for kontrollarbeidet i nye Ålesund kommune på kr 5 020 000.

Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med budsjettramma for kontrollarbeidet når kommunestyret har vedteke årsbudsjett 2024 for Ålesund kommune.

Ålesund kontrollutval 06.09.2023

Behandling

Votering: Samrøystes vedtatt

ÅKU - 30/23 vedtak

Ålesund kontrollutval tilrår ei samla budsjettramme 2024 for kontrollarbeidet i nye Ålesund kommune på kr 5 020 000.

Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med budsjettramma for kontrollarbeidet når kommunestyret har vedteke årsbudsjett 2024 for Ålesund kommune.

PS 31/23 Tilråding budsjettramme for kontrollarbeidet 2024 - nye Haram kommune

Sekretariatet si tilråding:

Ålesund kontrollutval tilrår ei samla budsjettramme for kontrollarbeidet i 2024 for nye Haram kommune på kr 1 212 000.

Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med budsjettramma for kontrollarbeidet, når kommunestyret har vedteke årsbudsjett 2024 for Haram kommune.

Ålesund kontrollutval 06.09.2023

Behandling

Votering: Samrøystes vedtatt

ÅKU - 31/23 vedtak

Ålesund kontrollutval tilrår ei samla budsjettramme for kontrollarbeidet i 2024 for nye Haram kommune på kr 1 212 000.

Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med budsjettramma for kontrollarbeidet, når kommunestyret har vedteke årsbudsjett 2024 for Haram kommune.

PS 32/23 Oppfølging av kontrollutvalet sine saker - oversikt per 01.09.2023.

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande og ber sekretariatet informere nytt kontrollutval om dei saker som treng vidare oppfølging.

Ålesund kontrollutval 06.09.2023

Behandling

Votering: Samrøystes vedtatt

ÅKU - 32/23 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande og ber sekretariatet informere nytt kontrollutval om dei saker som treng vidare oppfølging.

PS 33/23 Erfaringsoverføring og evaluering av utvalsperioden Ålesund kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet bed sekretariatet ta med dei erfaringer og innspel som er kome fram, og sørge for at det nye kontrollutvalet vert kjent med dei.

Ålesund kontrollutval 06.09.2023

Behandling

Utvalet bad sekretariatet ta med litt meir i notatet om evaluering og erfaringsoverføring til nytt kontrollutval. Under overskrifta «innspel på tema som kanskje kan vurderast i arbeid med plan for forvaltningsrevisjon» nevne større investeringsprosjekt som nytt avløpsanlegg, reservevassløysing m.fl.

Votering: Samrøystes vedtattk

ÅKU - 33/23 vedtak

Kontrollutvalet bed sekretariatet ta med dei erfaringer og innspel som er kome fram, og sørge for at det nye kontrollutvalet vert kjent med dei.

PS 34/23 Meldingar

MS 18/23 Innkalling generalforsamling 01.09.2023 - Bingsa Gjenvinning AS

Ålesund kontrollutval 06.09.2023

Behandling

Votering: Samrøystes vedtatt

ÅKU - 18/23 vedtak

Utvalet tek meldinga til vitande.

MS 19/23 Møre og Romsdal Revisjon SA - Protokoll årsmøte 2023

Ålesund kontrollutval 06.09.2023

Behandling

Votering: Samrøystes vedtatt

ÅKU - 19/23 vedtak

Utvalet tek meldinga til vitande.

**MS 20/23 Erklæring om oppdragsansvarleg revisor sitt sjølvstende -
Ålesund kommune 2023**

Ålesund kontrollutval 06.09.2023

Behandling

Votering: Samrøystes vedtatt

ÅKU - 20/23 vedtak

Utvalet tek meldinga til vitande.